



MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsstyret
Møtestad: Voldsfjorden 1. etg., Rådhuset
Dato: 12.04.2016
Tid: 15:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Sindre Rotevatn	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF
Åshild Vik	Medlem	SV

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hans Peter Eidseflot	Lina Marie Bjørkedal	SP
Milan Ilic	Åshild Vik	AP
Einar Børtveit	Magny Astrid Fylling	KRF
Øyvind Haugan Cruickshank	Erlend Koppen	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Frank Thommessen	Ingeniør utviklingssektoren - sak PS 32/16
Per Heltne	Fagansvarl. plan utviklingssektoren - sak PS 29/16
Heidi Istad	Planleggar utviklingssektoren - sak PS PS 30/16
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef - sak PS 31/16

Det var åtte røysteføre til stades ved møtestart. Hans Peter Eidseflot kom etter handsaming av sak PS 27/16, og det var då ni røysteføre til stades i framhald av møtet.

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 27/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 28/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 32/16	Klage på vedtak om matrikkelføring av rettskraftig dom i Sunnmøre Jordskifterett
PS 29/16	Gbr 17/49 - oppføring av tilbygg og fasadeendring - dispensasjon frå byggegrense mot E39 og for utnyttingsgrad
PS 30/16	Handsaming av klage på vedtak - Gbr 160/3 - oppføring av naust og flytting av vor
PS 31/16	Klage på løyve, gbr 131/7
PS 33/16	ORIENTERINGSSAKER
OS 1/16	Landbrukskontoret Ørsta Volda - delegert sak, Hjartåbygda skyttarlag - grunnavtale skytebane i Aldalen - handsaming etter jordlova § 12

PS 27/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Røysting:

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Sakliste

Leiaren kom med framlegg om at sak PS32/16 skulle handsamast etter sak PS 28/16.

Røysting:

Saklista med endringa frå leiaren vart samrøystes godkjent.

Utdelte dokument:

Epost sendt 12.04.16 frå adv. Jørund Knardal vedlagt brev av 08.04.16 frå adv. Knardal til Sindre Kvangarsnes og Steinar Steinsvik m/vedlegg - sak PS 31/16

PS 28/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå førre møte den 08.03.16 vart samrøystes vedteken.

PS 32/16 Klage på vedtak om matrikkelføring av rettskraftig dom i Sunnmøre Jordskifterett

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret finn ikkje grunn til å endre vedtak om matrikkelføring, datert 18.02.2016. Klagen vert til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for avgjerd.

Handsaming:

Sakshandsamar Frank Thommessen var til stades og orienterte om saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 12.04.2016

Forvaltningsstyret finn ikkje grunn til å endre vedtak om matrikkelføring, datert 18.02.2016. Klagen vert til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for avgjerd.

PS 29/16 Gbr 17/49 - oppføring av tilbygg og fasadeendring - dispensasjon frå byggegrense mot E39 og for utnyttingsgrad.

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret gir med heimel i plan og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå føresegnene i reguleringsplan Nedre Klepp, plan ID 1982004 i høve til utnyttingsgrad, og for byggegrense mot Ørstavegen (E39) i samsvar med søknad datert 22.10.2015, på fylgjande vilkår:

Før handsaming av byggesøknad må det gjerast ei nærare støyvurdering etter retningsliner for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012), og avklarast at tiltaket kan gjennomførast innanfor gjeldande reglar, og eventuelt i byggesaka få fastlagt nødvendige avbøtande tiltak.

Handsaming:

Det vart fyrst halde synfaring i saka.

Øyvind Festø reiste spørsmål om han var ugild. Han er nær ven av arkitekten.

Øyvind Haugan Cruickshank reiste spørsmål om han var ugild. Han er ein kjenning av nabo som har sendt inn merknad.

Forv.l. § 6, 2. ledd. Dei tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om ugildskap.

Røysting vedk. ugildskap:

Øyvind Festø vart samrøystes kjend gild. Han tok sete.

Øyvind Haugan Cruickshank vart samrøystes kjend gild. Han tok sete.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 12.04.2016

Forvaltningsstyret gir med heimel i plan og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå føresegnene i reguleringsplan Nedre Klepp, plan ID 1982004 i høve til utnyttingsgrad, og for byggegrense mot Ørstavegen (E39) i samsvar med søknad datert 22.10.2015, på fylgjande vilkår:

Før handsaming av byggesøknad må det gjerast ei nærare støyvurdering etter retningsliner for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012), og avklarast at tiltaket kan gjennomførast innanfor gjeldande reglar, og eventuelt i byggesaka få fastlagt nødvendige avbøtande tiltak.

PS 30/16 Handsaming av klage på vedtak - Gbr 160/3 - oppføring av naust og flytting av vor

Administrasjonen si tilråding:

1. Forvaltningsstyret finn ikkje at det i klagen kjem fram nye moment i saka som gir grunn til klagen til følgje. Forvaltningsstyret held derfor fast på sitt vedtak i sak 20/16 og saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for vidare klagebehandling hos settefylkesmann.
2. Forvaltningsstyret føreset at omsøkte tiltak vert utført med vekt på skånsam opparbeiding i forhold til miljø og naturmangfald.
3. Gjennomføring av tiltaket vil medføre store endringar i strandsona. Det er derimot vanskeleg å sjå at forseinka oppstart av tiltaket vil ha alvorlege konsekvensar for tiltakshavar. Forvaltningsstyret finn derfor at det medhald av Forvaltningslova § 42 skal gjevast utsett verknad av dispensasjon for oppføring av voren.

Handsaming:

Leiar Magnar Sunde kom med fylgjande alternativt framlegg:

Forvaltningsstyret vurderer den tiltenkte moloen som eit stort terrenginngrep og eit uønska inngrep i sjølina og finn ikkje å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan/PBL §1-8 for dette tiltaket.

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Magnar Sunde, fekk tilrådinga frå administrasjonen seks røyster og vart vedteke. Sunde sitt framlegg fekk tre røyster og fall (Sunde, Festø og Trovåg).

Vedtak i Forvaltningsstyret - 12.04.2016

- 1. Forvaltningsstyret finn ikkje at det i klagen kjem fram nye moment i saka som gir grunn til klagen til følgje. Forvaltningsstyret held derfor fast på sitt vedtak i sak 20/16 og saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for vidare klagebehandling hos settefylkesmann.*
- 2. Forvaltningsstyret føreset at omsøkte tiltak vert utført med vekt på skånsam opparbeiding i forhold til miljø og naturmangfald.*
- 3. Gjennomføring av tiltaket vil medføre store endringar i strandsona. Det er derimot vanskeleg å sjå at forseinka oppstart av tiltaket vil ha alvorlege konsekvensar for tiltakshavar. Forvaltningsstyret finn derfor at det medhald av Forvaltningslova § 42 skal gjevast utsett verknad av dispensasjon for oppføring av voren.*

PS 31/16 Klage på løyve, gbr 131/7

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Forvaltningsstyret finn ikkje at det i klagen kjem fram nye moment som gir grunn til endra konklusjon i saka. Forvaltningsstyret held såleis fast på vedtak 298/15 samt endringsvedtaket 338/15.*
- 2. Forvaltningsstyret finn ikkje grunn til å gi utsetjande verknad av løyvet.*

Handsaming:

Fylgjande dokument vart utdelt på møtet:

Epost sendt 12.04.16 frå adv. Jørund Knardal vedlagt brev av 08.04.16 m/vedlegg frå adv. Knardal til Sindre Kvangarsnes og Steinar Steinsvik.

Sindre Kvangarsnes reiste spørsmål om han var ugild, då han er part i saka. K.l. § 40, jf forv.l. § 6, 1. ledd, bokst. a. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om ugildskap.

Røysting vedk. ugildskap:

Sindre Kvangarsnes vart samrøystes kjend ugild.

Det var åtte røyste føre til stades under handsaming av saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 12.04.2016

- 1. Forvaltningsstyret finn ikkje at det i klagene kjem fram nye moment som gir grunn til endra konklusjon i saka. Forvaltningsstyret held såleis fast på vedtak 298/15 samt endringsvedtaket 338/15.*
- 2. Forvaltningsstyret finn ikkje grunn til å gi utsetjande verknad av løyvet.*

Sindre Kvangarsnes tok sete.

PS 33/16 Orienteringssaker

Handsaming:

Røysting:

Ingen hadde noko å merke til orienteringssaka.

Møtet slutt kl. 17:20.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
13.04.2016

Unni Strand
sekr.